

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

IX. RUNEMYNT

[**884**] N-33909. (Tidlegare omtala: Archibald 1980: 118 [no 401]; Christophersen og Nordeide 1994: 251 [fig. 210]; Reed 1978 [omslagsbilete]; Skaare 1976 [funn nr. 148a]; 1989: 26; Hagland 1998: 623.)

Innskrifta står på ein sølvpennning prega i perioden ca. 1065-1080. Mynten tilhører Stenersens klasse R (om klassifiseringa - sjå NIyR V:214f).

Funnet vart gjort i 1975, felt FF, hovudfase 4. Det vil seia i ein funnkontekst som er arkeologisk datert til siste halvdel av 1000-talet. Mynten er i numismatisk samanheng beskriven såleis: "Penning: brystbilde t.v., forvirret omskrift/dobbeltkors ifeltet, runelignende forvirret omskrift (...) 0,76 g." (Skaare 1989: 26, jf. òg Archibald 1980: 118 "Rev.: illiterate runic legend").

Det kan vera eit spørsmål teikna i omskrifta på revers side her skal oppfattast som runer eller om dei heller skal sjåast på som runeliknande teikn. Lesne i medsols retning vil første teikn (her kalla r. 1) og r. 7, både utforma som omsnudde **v**-ar (\wedge), kunna sjåast som runiske **u**-ar. R. 2, 4 og 6 har alle skrått ståande snitt, eller stavar, og kan sjåast som runiske **i**-ar. R. 3 og 5 har både stav og kvist ned til høgre og såleis form som runiske, enkeltsidige **n**-ar. Etter r. 7 ser det ut til å vera prega tre teikn. Av desse kan r. 8 og 10 med alle etterhald seiast å ha form som høgrevende ås-runer. Mellom desse ser det helst ut til å vera eit stavliknade teikn og ingenting anna. I rommet mellom r. 1 og r. 10 er det to krossar, ei litt uviss gresk krossform og ein tydeleg andreaskross. Om vi startar med andreaskrossen og les i retning med sola, vil mynten då kunna ha følgjande runesekvens:

× **N** | **T** | **T** | **N** **k**(?) **l**(?) **k**(?) +
× **u** **i** **n** **i** **n** **i** **u** **ã** (?) **i**(?) **ã**(?) +

Oppfatning som er uttrykt frå numismatisk hold om at omskrifta på revers side er forvirra, synest såleis velgrunna nok. Men heller enn å kalla teikna i innskrifta for 'runeliknande', bør vi vel sjå det som ei runisk innskrift av same slag som dei andre vi

har utan påvisleg språkleg meinung. Det kan vera grunn til å festa seg ved det forhold at det i Folkebibliotekstomta i alt er funn ca. 50 myntar prega i Noreg i andre halvdel av 1000-talet (jf. Skaare 1989: 12), og at det berre er ein av dei med omskrift som kan assosierast med runer.